

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Fylke: Hordaland.
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Austevoll.
 Emne: Brynet. Bygdelag: Austevoll.
 Oppskr. av: Johan Tufteland. Gard: Gåsnes.
 (adresse): Stolmen. G.nr. 18. Br.nr. 8+9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Etter eiga røynsle (33.år) og etter andre (70-åringar).

SVAR

1. Det vanlege ordet her er b r y n e (eit).
H e i n(ein) brukar me om fine bryne som berre vert nytta på barberknivar.


2. Både natur- og kunststein er i handelen, og me brukar begge slaga omlag like mykje. Alle bryna vert førde inn; men eg veit ikkje visst kvar dei kjem frå. Tidlegare kom det bryne frå Telemark.

3. Sliper alltid fyrst og kvetjer so r o v e t frå egga. Etter kvart ljåen vert skjemd, kvet me nokre gonger til han vert slipt oppatt.

4. Det er minst 60 + 70 år sidan dei fyrste slipesteinane kom til bygda (veit ikkje visst kva tid). I fyrstninga hadde berre nokre få slipestein, og dei andre gjekk til desse og slipte ljåane sine. Ingen kan minnast at dei tynna ljåane.

5. Når slipesteinane vart gamle og utslitne, slo dei stykke av dei og brukte desse stykka til s e n d a (ei). Brotsida vart fila bein og so vart senda bruka nett som eit bryne; men ho var større og kvesste ljåen so godt at dei trong ikkje bruka slipesteinen. (Dette er vel berre ein attegangar etter den ekte senda som vel har vore nytta her før slipesteinane kom i bruk, men som det ikkje

no finst noko minne etter).



Ein gardbrukar laga seg ei sovora sende for 3-4 år sidan.

Veit ikkje at ei sende som ligg roleg, har vore nytta.

Slipesteinen står heime ved løa eller vedhuset, og vert aldri flytta nokon annan stad.

6. Det er vanleg å slipa ljåen 2 eller 3 gonger for dagen. Når det er skrapslått, vert ljåen kvett mange gonger mellom kvar sliping.

7. Vanleg brukar me ikkje bryne av tre. Det kjem vel av at det er trebert i bygda. Ein gamal notabøtar kvesste kniven sin på ei trefjøl. Sume veit at det let seg gjera å setja berre bit i ein slipt kniv med eit trebryne.

8. Let alltid ljåen sitja på orvet når ein kvet eller sliper.

9. Held orvet mellom knea og let ljåen kvila på innsida av vinstre underarmen - skiftevis med odden eller t j o t t e t (eit) på handa.

Stutturven kvetjer ein sitjande - langorven ståande. Det er og vanleg å stytta ljåodden eller tjottet mot brynebytta eller ein stein.

10. Brukar vanleg ei bytte til å ha bryna i.

I kvetjebytta har ein noko kvetjevattn og i dette vatnet stend 3 til 5 bryne av ymse storleik og grovleik. Bytta vert flytt etter kvart som slåtten gjeng fram. Sume ber eit lite bryne i lumma og sputtar på det eller vater det i dogga når dei skal kvetja. Bryneholk vert ikkje nytta her.

11. Nei.

12. —

13. Vøter alltid brynet med vatn - ikkje olje, sand eller tjøre.

14. Mjølet som kjem av kvetjinga, kallar me kvoto (ei).

15. Nei. (Når kvoto på ljåen er ljøs, tyder det turt, fint ver; er ho myrk, tyder det ruskever. Dette verkar som eit hygrometer : turr luft turkar kvoto snart og vata på ljåegga vert då ljøs.

16. Nei.

17. Nei.

18. Nei.

19. Nei.

20. Nei.

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

229